

# NATIONEN

DISTRIKTS-NORGES RIKSAVIS · NR. 6 · 2010 · www.nationen.no

A-AVIS

**MARKERING** · Skal feire Bjørnsons 100-årsjubileum  
**TEATERVÅREN** · Blodig alvor på Nationaltheatret  
**FOLKEMUSIKK** · Dårlig start for den nye Riksscenen



## Navarsete vil ikke utrede oljeboring

**Senterparti-leder** Liv Signe Navarsete følger SV og går imot en konsekvensut-

redning av oljeboring i Lofoten og Vesterålen. Miljøvernerne jubler.

Side 5

### KOMMENTAR · 3

#### SKREMMENDE

«Din melding til Mattilsynet kan være første skritt mot at naboen mister retten til å ha dyr. Det er skremmende.»



Drude Beer er kommentator i Nationen.

### KULTURBLIKK · 18-20



## – Utvatna kulturminneår

**Målet var** mangfold og engasjement. Det kosta om lag 18 millionar. – Vi sit igjen med veldig lite, seier leiar i Fortidsminneforeningen, Elisabeth Seip (bildet) og får følgje av fleire sentrale aktørar i norsk kulturminnevern.

### \* DISTRIKT · 4

#### Lokale sykehus kan bli dårligere

Samhandlingsreformen medfører økt spesialisering og sentralisering. Det kan svekke lokalsykehuse- ne, frykter Kommunenes interesseorganisasjon for lokalsykehus.

### \* NÆRINGS- LIV · 7

#### Bedrifter frykter stor eldrebølge

Norske bedrifter står overfor et gigantisk generasjonsskifte. Det kommer til bli ekstra tøft for bedrifter i distriktene. – Norge kan få et alvorlig problem. Det haster med tiltak, advarer eksperter.

### KOMMUNALT · 10-11



#### Motiverer til miljøvern

Live skal få Hadelandskommuner til å gi gass i klimasaken.

FOTO: BJØRN BJØRKL

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



# KULTURBLIKK



**«Dei må gjerne diskutere høyllar, men når låvane held på å forsvinne, kva skjer då?»**

Sjur Harby, kulturhistorikar og Nationen-spaltist

Side 18



Side 22



Side 24

Kulturvern · Best og verst med kulturminneåret 18

Teater · Uvanlig aktiv vår på Nationaltheatret 22

Folkemusikk · Dårlig start for den nye Riksscenen 24




**«Kulturminne  
er noko meir  
enn berre å  
minnest noko.»**

Elisabeth Seip, leiar i Fortidsminneforeningen



**Kjernepunkt:** – Når ein gjer flyktige ting til kulturminne, får ein eit problem i forhold til det som er kulturminnevernets kjernepunkt, seier Elisabeth Seip, leiar i Fortidsminneforeningen.





**Kulturminneåret 2009** er over. Det kosta om lag 18 millionar. – Vi sit igjen med veldig lite, seier leiar i Fortidsminneforeningen, Elisabeth Seip og får følgje av fleire.

# Eit slag i lause lufta?

Kulturminneåret 2009 tok for seg «Dagleglivets kulturminne». Målet var mangfald og engasjement.

Ved årets slutt slår tre sentrale aktørar i norsk kulturminnevern fast: Vi sit igjen med lite.

Dagleglivets kulturminner viste seg å vere meir enn det ein vanlegvis tenkjer på som kulturminner. Her dukka det opp hallodamer, hårfrisyrar og digitale forteljingar. No stiller Kulturminneåret 2009 sjølv spørsmålet til publikum: Kva er best og verst med kulturminneåret 2009? Vi hjelper dei litt på veg.

## Feil prioritering

Direktør i Norsk Kulturarv, Grete Horntvedt meiner det er flott om ein har fått bevisstgjort mange på kulturminne. Mange har også engasjert seg, men ho stiller spørsmål ved prioriteringa:

– Ein er oppteken med å få fram dagleglivets kulturminne, i mellomtida rotnar kulturarven på rot. Kva er viktigast? Å få folk til å skrive noko inn på ein digital greie, eller ta dei tunga løfta for det som rammar saman. Det er positivt at ein blir bevisstgjort, men det mange eigarar er opptekne av er å ta vare på gamle gardar, setrer og naust.

– **Ja, kva er viktigast?**

– Å ta vare på bygningane som blir borte.

Horntvedt er også skuffa over tildelinga frå Kulturminneåret.

– Vi er nitten organisasjonar i Norges Kulturvernforbund. Norsk kulturarv har fått inn til saman 20.000 kroner.

Sparebankstiftelsen bidrog med ein million kroner til aksjonen «Rydd et kulturminne», som aktiviserte 7000, ifølgje Horntvedt.

– Svært lite har gått til frivillige organisasjonar. Mykje har gått til administrasjon. Sparebankstiftelsen bidrog har vore kjærkome, seier Horntvedt.

– **Kva sit vi att med etter kulturminneåret?**

– Forhåpentleg er det ei auka forståing for å ta vare på kulturarven, men det veit vi ikkje noko om. Eg veit heller ikkje om det blir gjort noko undersøking på det, seier Horntvedt.

Fortidsminneforeningens leiar, Elisabeth Seip sukker og seier ho vil begynne med det gode.

– Eg synest dei har gjort ei stor satsing på den digitale sida. Elles har vi i foreninga vore ganske kritiske, vi meiner dei har gått for breitt ut.

– **Kva er de kritiske til?**

– Vi synest kulturminneomgrepet er blitt utvatna. Når ein gjer flyktige ting til kulturminne, får ein eit problem i forhold til det som er kulturminnevernets kjernepunkt: Å velje ut og bevare. Eg meiner ein må spørje seg om kor eigna det er å fokusere på dagleglivets kulturminne. Stolen etter bestemor er mitt private kulturminne, men det har lita meining om det ikkje står i ein samanheng. Kulturminne er noko meir enn berre å minnest noko.

– **Kva sit vi igjen med etter kulturminneåret 2009?**

– Veldig lite. Det har vore ei digital tilrettelegging. Det har vore nokre dugnader og arrangement og eg håper at kulturminneløyper får bestå, men vi sit ikkje igjen med noko handfast. Det har til dømes ikkje komme noko fleire pengar, lover eller vedtak om å styrke kulturvernet, seier Seip og legg til:

– Det viktigaste som skjedde i fjor var regjeringa si tiltakspakke. Det var eit viktig bidrag til vedlikehald av kulturminne som bidrog til selssetjing. Det hadde null og niks med kulturminneåret å gjere, seier Seip.

## Feigskap

Kulturhistorikar og Nationen-spaltist Sjur Harby, som også står bak seminarrekkeja Breidablikk, seier det slik:

– Mitt største ankepunkt er feigskapen. Eg saknar grunnleggjande spørsmål og diskusjonar om norsk kulturminnevern i eit kulturminneår. Vi har hatt eit anonymisert kulturminnevern, prega av politisk overstyring, seier Harby og held fram:

– Eg er samd med dei som seier at det blir praktisert ei utvatning av kulturminneomgrepet. Svært mange av dei store diskusjonane har ikkje kulturminneåret tatt tak i. Kvifor tar ein ikkje opp tema som organisering og økonomi, skattepolitikk og frådragsmuligheter? Dei må gjerne diskutere høyballar, men når låvane held på å forsvinne, kva skjer då?

– **Kva sit vi att med?**

– Eg har ikkje noko svar. Ein kan gå til partiprogramma og spørje: Har det skjedd noko endring? Har dei ulike politiske partia fått større medvite når dei formulerer seg ved neste stortingsval? Eg veit ikkje kva evalueringssystem ein har for å sjå på verknaden av det arbeidet som er gjort. Eit slag i lufta, seier Sjur Harby.

## Meining

Kommunikasjonsansvarleg ved Kulturminneåret 2009, Ulla Heli, har enno ikkje motteke noko svar frå publikum om kva som er best og verst med kulturminneåret. Spørsmålet er ►

## KVA ER VIKTIGAST?

«Å få folk til å skrive noko inn på ein digital greie, eller ta dei tunga løfta for det som rammar saman.»



GRETE HORNTVEDT  
DIREKTØR I NORSK KULTURARV

FOTO: SIRI JUELL RASMUSSEN



# «Mitt største ankepunkt er feigskapen. Eg saknar grunnleggjande spørsmål og diskusjonar om norsk kulturminnevern i eit kulturminneår.»

Sjur Harby, kulturhistorikar og Nationen-spaltist



**Politisk overstyring:** Vi har hatt eit anonymisert kulturminnevern, prega av politisk overstyring, seier Sjur Harby, kulturhistorikar og Nationen-spaltist.

FOTO: MARIANN TVETE

nyleg lagt ut, men Heli seier dei ikkje er redde for kritikk og vil gjerne ha debatt.

– Mykje av debatten rundt kulturminneåret 2009 har dreidd seg om bruken av omgrepet kulturminne. Kulturminne har tidlegare blitt sett på som bygg av særleg verdi. Men året har vist ein god del «betydningsglidningar» gjennom møtet med folk.

**– Kva er «betydningsglidningar»?**

– Det handlar om korleis meiningane til ord forandrar seg over tid. P4 har hatt ein eigen serie der dei spør: «Kva synest du er ditt kulturminne?» Då svarar folk alt frå hårsveisar, røykegardinar på fly og brøytekanter. Det er veldig samansett, både materielle og immaterielle minne. Kulturminne er minner betinga av ein kulturell kontekst. Dette står klart i kontrast til ei anna meir juridisk bruk av omgrepet. Det har nok kome som ei overrasjing på ein del fagfolk at denne oppfatninga står så breitt hos folk. Det er vel verdt å ta med seg, folk har ei eiga oppfatning av omgrepet. Det er stadig eit honnørord, men det gjeld ikkje berre bygningar.

Sjølv meiner Heli noko av det artigaste har vore den gleden folk viser over å minnest. Ho meiner det har vore ei klar bevisstgjerjing av kva kulturminne er for noko.

**– Kva betyr bevisstgjerjinga når vi berre blir bevisste på våre egne private minner?**

– Men eg meiner det ikkje er privat. Vi lever i ei samtid som er prega av fortida, i eit samfunnsarkeologisk felt. Mange uttrykk for ulike historiske epokar omkransar oss heile tida. Det er mindre viktig om det er privat eller ei. Når ein er bevisst dette har ein eit heilt anna syn på tap. Då blir tap ein prosess som eksisterer rundt oss. Fortida er ikkje tapt og borte, men til stades i ulike formar, som ruinar, minner og forteljingar.

## Millionane

På nettsidene til Kulturminneåret 2009 står det at det er sett av 18,1 millionar til kulturminnevernåret.

**– Kva har dei 18. millionane gått til?**

– Overføringane for 2009 har vore fem millionar frå Kulturdepartementet og sju millionar kroner frå Miljøverndepartementet. Dette skulle drifte sekretariatet og somme av dei store nasjonale prosjekta, seier prosjektleiaren Sidsel Hindal.

## Fakta

### Kulturminneåret 2009

\* **Er utført på oppdrag** frå Miljøverndepartementet og Kulturdepartementet

\* **Var i hovudsak** gitt til Norges Kulturvernforbund, i lag med Riksantikvar og ABM-utvikling

\* **Har hatt eit sekretariat** på fire kulturhistorikarar med seks formidlingsprosjekt: «Fordums kraft - nytt liv», «Ukens kulturminne», «Kulturminneløypa», «dagligliv.no», «Kulturminner på reise» og «Artikler om kulturvern»

\* **Omfattar også** ABM-utviklings «Digitale fortalt - kulturminner på nett» og Riksantikvarens fredningsar av kulturminne som sju melkeramper i Selbu og busskuret Grabben i Bjørnevatn.



## DEBATTEN

«Mykje av debatten rundt kulturminneåret 2009 har dreidd seg om bruken av omgrepet kulturminne.»

ULLA HELI  
KOMMUNIKASJONSANSVARLEG  
VED KULTURMINNEÅRET 2009

Hindal legg til at av desse gjekk 3,6 til lokale tilskot, som både organisasjonar og privatfolk kunne søke på. 2,4 millionar gjekk som tilskot gjennom Norsk Kulturråd.

– Det vil seie at seks millionar har gått til prosjekt som folk har kunne søke støtte til.

## Rydding

– Kulturminneåret er dels ei sjølvstendig formidlingssatsing og dels ei satsing for å løfte fram og styrke eksisterande aktivitetar. Til dømes har «Rydd et kulturminne», som Norsk Kulturarv kjører, fått støtte av oss.

Eg synest vi har fått mykje ut av dei midla som har blitt lagt fram, seier Hindal og nemner oppbygging av ein digital struktur.

**– Det betyr å delta gjennom ulike nettsider?**

– Til dømes har Østfoldmuseene sett dei ulike nettprosjekta som ligg der og brukt dei aktivt gjennom sin formidling, dokumentasjon og i samarbeid med skular og organisasjonar i sin region.

**– For å spørje med Grete Horntvedt i Norsk Kulturarv: Kva hjelp det med digitale verkty når låvar rotnar på rot?**

– Det forstår vi også, men her var oppdraget at det skulle satsast på formidling. På den måten kan ein bidra til å aktualisere, sjå ting i samanheng sjølv om det ikkje kan redde noko. Eg trur at det blir uomtvisteleg at det er ein sektor der alle ser at det er behov for å få midlar til å drive dette viktige arbeidet. Det skulle vere eit år som skulle skape engasjement, bevisstgjerjing og nå ut til mange. Vi skulle også stimulere til eit ordskifte og skape engasjement, noko vi har klart.

## Synleg

**– Korleis merkar de engasjementet?**

– På mange måtar, alt frå stor søknadsmengde, til saman 8–900 søknader, til deltaking i prosjekt. Det var stor interesse rundt fredingane til Riksantikvaren. Det var mange debattar og mange innslag i nitimen. Det har vore arrangement i skular og barnehagar. Dette er eit område som folk bryr seg om. Vi visste at det var der, men no har vi klart å synleggjere det. Den langsiktige tenkinga har vore viktig. Utfordringa er at ein klarer å ta vare på det.

**– Ja, kva skjer vidare?**

– Prosjektet Digitalt fortalt, gjennom ABM-utvikling, blir vidareført. Det er vedteke og er med på Statsbudsjettet. Kulturvernforbundet, som er ansvarleg gjennomfører av størstedelen av prosjektet, vil ta med seg erfaringar vidare og bruke det til å styrke organisasjonen. Kulturminneløypa er eit prosjekt som det jobbast bevisst med, kvar det vil ende kan eg ikkje seie per i dag. «Fordums kraft»-utstillinga som er eit stort prosjekt, vil vi også sikre ein heim til.

**– Dei har også blitt kritisert for å teie ved dei store, aktuelle sakene i kulturminnevernet. Til dømes Nordli gard i Sørum. Kvifor var ikkje Kulturminneåret meir aktivt ute og meinte noko her?**

– Vi har ikkje mandat til å meine noko, vi har mandat til å bringe fram mange stemmer. Vi kan ikkje meine det eine eller det andre. Ja, når det gjeld Nordli gard, som var ei forferdeleg tragisk sak, fokuserte vi på den på våre Facebook-sider og på nettsidene våre.

**– Då du vart intervjuet i Aftenposten i fjor vinter ville du som prosjektleiaren i eit kulturminneår ikkje seie noko om dei store kulturbygningane i Oslo som Nasjonalgalleriet og Kunstindustrimuseet?**

– Oppdraget Kulturminneåret 2009 hadde dagleglivets kulturminner som tema. Ein ting er rolla som prosjektleiaren, det andre er at kunstmuseet og nasjonalgalleriet, som eg også synest er viktig sak, fell ikkje inn under det kulturminneåret sitt fokus.

**– Tenkjer de då at fokus kanskje var feil?**

– Eg trur dagleglivet har vore viktig for å kunne kommunisere med mange ulike grupper, og historia og samfunnet vårt består av så utruleg mange ulike fagområde. Vi har arbeidstid, fritid, heim, det var viktig å få fram breidda der. Praktbygga står der og er fantastiske, men vi fokuserte på det vi omgir oss med. I utgangspunktet kan det vere alt og det har vore viktig i forhold til den kommuniseringa som vi har gjort og bidraga som har kome inn. Desse diskusjonane blir det viktig å føre vidare. Val av tematikk har ført til ein reell diskusjon av kva som er verdt å ta vare på, seier prosjektleiaren Sidsel Hindal.

LAURA DJUPVIK

Laura.djupvik@nationen.no